



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
17/94372-2

Dykkar referanse: Vår dato:
15/2147 – 17/18471 08.09.2017

Uttale til planprogram og varsel om oppstart av kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen – Lindås kommune

Vi viser til motteke varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan for Knarvik–
Alversund med Alverstraumen (KDP KAA), samt utkast til planprogram for planarbeidet.

Statens vegvesen sin rolle

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

SATP – Tal på bueiningar

I planarbeidet må det gjerast reie for om utbygging i planområdet bygger opp om nullvekstmålet i personbiltrafikken.

Trafikktryggleik

Fv. 565 Alverflaten har stor trafikkmengde, og denne vil venteleg fortsette å auke ettersom all trafikk til Alversund, Alverstraumen og Radøy må køyre her. Det er difor viktig å sette av tilstrekkeleg areal til utvikling av trygge og kapasitetssterke tilbod for gåande og syklende både langs med vegen og på tvers. Statens vegvesen vil vere opptatt av at ein ikkje lokaliserer nye utviklingsområde som gir trong for meir kryssing av vegen eller fleire kryss på denne strekninga.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Transportutvikling

Veganlegg generelt

Planlegging av tiltak knytt til fylkesveganlegget, slik som til dømes kryss, avkøyrslar og vegstrekningar, må skje i samråd med Statens vegvesen. Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen.

KDP E39 Flatøy – Eikefettunnelen

Planområda for KDP E39 Flatøy–Eikefettunnelen og KDP KAA har overlappende planområde, og vil ha innverknad på kvarandre. Det vil vere viktig med god dialog i planfasen for desse planane. Etter nokre forseinkingar, har Statens vegvesen no målsetting om vedtatt KDP Flatøy–Eikefettunnelen i årsskiftet 2019/20.

Ny Alversund bru

Statens vegvesen har utarbeidd eit forprosjekt for ny Alversund bru. Denne er omtalt i kapittel 4.1.5 i planprogrammet og skal innarbeidast i KDP KAA. Forprosjektet syner to ulike alternativ for framføring av bru, eit sør på Radtangen, og eit som ligg rett nord for eksisterande bru. Statens vegvesen tilrår det siste alternativet, ny bru rett nord for dagens bru.

Levetida for eksisterande bru er avgrensa, og Statens vegvesen ser det difor som avgjerande for framdrifta at ein i KDP KAA gjer eit grundig forarbeid for ein seinare reguleringsplan for den nye brua.

Vi ønskjer at kommunen, anten gjennom ei politisk handsaming av forprosjektet før utarbeiding av KDP, eller gjennom konsekvensutgreiinga for KDP KAA, avklarar val av alternativ framføring for bru over Alverstraumen. Dersom val av alternativ skal skje gjennom KDP KAA er det naudsynt at begge alternativa vert synt i planprogrammet.

Kommunedelplanen må fastsetje endeleg trase for den nye brua, og brua må vere konsekvensutgreidd i tråd med Forskrift for konsekvensutgreiing. Statens vegvesen vil tilrå at handbok V712 Konsekvensanalyser vert nytta til dette arbeidet, for å sikre at alle fagtema vert ivareteke. Statens vegvesen ynskjer å ta del i dette arbeidet, og ser det som naudsynt at våre fagressursar er involvert for å sikre at brua kan realiserast.

Framdrift på planarbeidet

Framdrifta som er estimert i planarbeidet er svært optimistisk. Etter vårt syn vil det vere vanskeleg å gjere ein fullgod konsekvensutgreiing for m.a. ny Alversund bru innan den avsette tidsramma.

Statens vegvesen Region vest
Seksjon for plan- og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN